


MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARAR TIL MERKNADER OG INNSPEL -  
REGULERINGSPLAN – HØYRING, MINDRE ENDRING

<b>Plannavn</b>	Del av Sæbøtunet, gnr 88, bnr 103 m.fl
<b>Arealplan-ID</b>	1260-2016 100
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeidet av</b>	Arkoconsult AS
<b>Datert/Revidert</b>	07.03.2017

<b>Avsender</b>	<b>Hovedpunkt i merknad / uttale</b>	<b>Forslagsstillers kommentar</b>
<b>1 HFK, regionalavd. planseksjon, 25.01.2017</b>	Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.	
<b>2 Fylkesmannen, 20.01.2016</b>	Fylkesmannen har ingen merknader til endringane.	
<b>3 Statens vegvesen 03.02.2017</b>	<p>Statens vegvesen syner til brev mottatt 16.01.2017 med varsel om mindre endring av reguleringsplan for Sæbøtunet, gnr. 88 bnr 103 i Radøy kommune.</p> <p>Endringa gjeld den del av reguleringsplanen som ligg nord og aust for fylkesveg 407, og gjeld mellom anna bustadfelt B6 og ny avkjørsle til feltet fra fylkesvegen. Tilkomst til feltet er i dag regulert gjennom veg F3.</p>	




Figur 1 UTsnitt av gjeldande plan

Reguleringsplan for Sæbøtunet legg til rette for ei utbetring og forskyving av fv. 407. Denne endringa er ikkje utført og det er uvisst kor tid det er aktuelt å utbetre strekninga. Den regulerte avkøyrsla til felt B6 lar ikkje difor realisere så lenge fylkesvegen ikkje er utbetra.

For å oppnå ei betre avkørsle til B6 og ei betre utnytting av feltet er det varsle endring av plan. Statens vegvesen har vore i møte med tiltakshavar under vefs i prosessen.

Eit resultat av dette er at felt B6 nyttar regulert avkørsle og tilkomstveg F10 i overvarende plan, men at avkøyrsle / veg F10 vert flytta lenger sør aust. Dagens avkøyrsle vert stengt og eigedom som nyttar denne får ny tilkomstveg.



## **Figur 2 Framlegg til planendring**

## Tilbakemelding til planframlegget:

- §2 Rekkefølgje føresegner har satt krav til frisikt i avkøyrsla på 6x60 meter. Vi ber om at frisiktkravet påførast i plankartet. Vi ber om at frisiktkrav og svingradius kjem fram av plankartet for begge avkøyrslene (F3 og F10).
  - §6 Offentleg trafikkområde nyttar nemninga «vegnormal 017». Vi ber om at dette vert retta opp til «...i høve til Statens vegvesen sin Vegnormal, Handbok N100».
  - §9.1.1. Felles føresegner har satt krav til svingradius på 7,5 i diameter. Vi meiner dette må bero på ein feil, og er mindre radius enn det vi til vanleg setter i avkøyrsler. Vi går ut i frå at det er meint svingradius på 7,5 meter ( $r=7,5$ ), og diameter 15 meter.
  - Vi rår til at areal langs fylkesveg med nemning O3 og som er avgrensa av eigedomsgrensa (ikkje synleg i kart) endrar føremål frå «Annenvegggrunn – Tekniske anlegg» (2018) til «Annenvegggrunn – grøntareal» (2019).
  - § 8.1 Spesialområde frisiktsone ved veg. I tillegg til dagens tekst ber vi

- Frisiktliner er påført plankart
  - Retta til N100.
  - Retta til:  
«Svingradius i avkjørsel fra fylkesveg skal dimensjonerast for renovasjonsbil og utrykningskøyretøy med svingradius på 7,5 meter.»
  - O3 endra til AVG - Anna veggrunn – grøntareal
  - Setninga lagt inn i § 8.1

	<p>om at følgande vert tatt inn: «I frisiktsonene skal det ikkje vere noko sikthindrande element over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen»</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Plankartet skal markere «Stengt avkøyrsle» der F10 ligg i dag.</li></ul> <p>Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som avkøyrsler, må skje i samråd med Statens vegvesen. Før endringa blir vedtatt må det sendast inn tekniske teikningar med plan- og lengdeprofil som syner at avkøyrsle mellom fylkesveg og veg F10 stettar gjeldande tekniske krav i våre handbøker.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Ber om at deira merknader vert retta opp i plankart og føresegner. Ber også om å få sendt over tekniske teikningar til godkjenning før endring av plan vert vedtatt.</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lagt inn stengsel på plankart</li></ul>
--	---	---